

planID	4631 20150004
Saksnr.	15/1644

Ordførar



Alver kommune

Reguleringsplan

Fossesjøen

Gnr. 325, bnr. 161, 167 m.fl.

Reguleringsføresegner
(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Utvil	Utarbeid	Sak	Godkjent	Endringsvedtak	ArkivID

§ 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er synt på plankart i mål 1:1000 (ved arkformat A1), datert 21.05.2019.

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg (pbl § 12–5, nr 1)
 - a. Bustader – frittliggjrende (BFS)
 - b. Bustader – konsentrerte (BKS)
 - c. Bustader – blokkar (BBB)
 - d. Fritidsbustader – frittliggjrende (BFF)
 - e. Øvrige kommunaltekniske anlegg (BKT)
 - f. Uteopphaldsareal (BUT)
 - g. Leikeplass (BLK)
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12–5, nr 2)
 - a. Veg (SV)
 - b. Køyreveg (SKV)
 - c. Fortau (SF)
 - d. Gangveg/gangareal (SGG)
 - e. Anna veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
 - f. Anna veggrunn – grøntareal (SVG)
 - g. Kombinert føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur (SKF)
3. Landbruk –, natur- og friluftsføremål (pbl § 12–5, nr 5)
 - a. Naturføremål av LNFR (LNA)
4. Omsynssoner (pbl § 12–6)
 - a. Frisiksone veg (H140)
 - b. Ras- og skredfare (H310)
 - c. Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskabler (H370))
 - d. Bevaring naturmiljø (H560)
 - e. Bevaring kulturmiljø (H570)

§ 2 Fellesføresegner

§ 2.1 Byggegrenser

1. Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa vist på plankartet. Tiltak nemnd i pbl § 29–4 b, som frittliggjrende garasje, uthus, og liknande mindre tiltak, mindre murar langs veg, parkeringsplassar på bakken og interne turvegar/stiar kan plasserast innanfor bustadføremål og nærmere nabogrensa enn regulerte byggegrenser.
2. Der byggjegrense ikkje viser i plankartet er byggegrensa samanfallande med føremålsgrensa.

§ 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

3. Ved innsending av rammesøknad for felta BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal det leggjast ved situasjonsplan for dei ulike byggeområda med løysing for utomhus, felles leikeareal og minste uteopphaldsareal (MUA), universell tilgjenge, avkøyrsel, parkering, snumoglegheit, eksisterande og framtidig terrell, vegetasjon, tilhøve til omgjevnader, murar, fyllingar, skjeringar, trapper, gjerder, og handtering av vatn og avlaup i høve overordna utomhusplan.

4. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting for SKV01–SKV04 og SV01–SV09, med tilhøyrande fortau og annan veggrunn, skal det leggjast ved tekniske teikningar for veganlegg og veglysanlegg, som er godkjent av Alver kommune.
5. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting for veg, med tilhøyrande fortau og annan veggrunn, som skal overtakast av Alver kommune, skal det føreligge dokumentasjon på at det er inngått eigen avtale med Alver kommune for overtaking av veg-, fortau-, annan veggrunn og veglysanlegg.
6. Seinast ved innsending av søknad om igangsetting skal det føreligge dokumentasjon frå Alver kommune på godkjent teknisk plan for VA-anlegg.

§ 2.3 Krav til utforming

1. Nye bygningar og anlegg skal vere utforma i samspel med omgjevnadane i karakter og ha ein heilskapleg form, volumoppbygging og fremje gode uterom og kontakt med omgjevnadane.

§ 2.4 Universell utforming

1. Det skal leggjast til rette slik at minst 50 % av nye bueiningar vert utforma som tilgjengeleg bueining. Trafikkområde og leikeplass skal vera utforma slik at alle skal kunne nyta dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

§ 2.5 Terrenghandsaming

1. Alle terrenghandlingsgrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Dei områda som ikkje vert bygd ut skal sikrast ei tiltalande form og handsaming. Fyllingar skal rundast av og tilpassast tilgrensande terren og såast/plantast til der dette er hensiktsmessig. Eksisterande tre og annan verdifull vegetasjon, skal i størst mogleg grad takast vare på.
2. Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Det skal ikkje setjast opp høgare murar enn 2 meter utan at dei terrasserast. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne 1,5 meter. Kvar avsats skal plantast til for å dempe fjernverknaden av muren.
3. Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg nyttast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeidning av terrenget. Det skal utarbeidast plan som syner kvar overskotsmasse skal plasserast før/saman søknad om rammeløyve.

§ 2.6 Vann, avløp og veg

1. VA-rammeplan, datert **xx.xx.xxxx** skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og rammesøknad.
2. VA-anlegg til offentleg overtaking, skal etter godkjent slutt dokumentasjon og tilhøyrande synfaring utan manglar, overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald. Offentleg VA-anlegg reknast som opparbeidd når det er bygd i samsvar med teknisk plan og er overtatt av Alver kommune.
3. Private VA-anlegg reknast som opparbeidd når det ligg føre godkjent ferdigmelding.
4. Veganlegg skal opparbeidast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og gjeldande normer/forskrifter for veglysanlegg. Innanfor veganlegg ligg køyreveg, veg, fortau, annan veggrunn og veglysanlegg.
5. Veglys langs offentleg veg skal skiljast frå privat anlegg med måler og tennpunkt i eige skap.
6. For veganlegg som skal overtakast av Alver kommune, vil offentleg overtaking til eige, drift og vedlikehald gjerast når slutt dokumentasjon og synfaring utan manglar er godkjent av Alver kommune for veg- og veglysanlegg.

§ 2.7 Uteoppahldsareal (MUA)

1. For bustadar – frittliggjande (BFS)
 - a. Skal det setjast av privat uteoppahldsareal på minimum 200 m² pr. bueining over 60 m². For kvar bueining under 60 m² er kravet minimum 50 m².
 - b. Når det samla vert bygd fleire enn 4 bueiningar over 60 m², skal i tillegg min. 150 m² setjast av til felles sandleikeplass.
2. For bustadar – konsentrerte (BKS)
 - a. Skal det setjast av privat uteoppahldsareal på minimum 50 m² pr. bueining og felles uteoppahldsareal på minimum 50 m² pr. bueining.

- b. Uteoppahldsareal på carport inngår i privat uteoppahldsareal MUA.
- c. Leikeareal, jf. § 2.8, inngår i felles uteoppahldsareal MUA.
- 3. For bustadar – blokkar (BBB)
 - a. Skal det totalt setjast av uteoppahldsareal på minimum 100 m² pr. bueining.
 - b. Kvar eining skal minimum ha 10 m² privat uteoppahldsareal. Dette arealet kan vera på bakkeplan, balkong, etc.
 - c. Leikeareal, jf. § 2.8, inngår i felles uteoppahldsareal MUA.

§ 2.8 Leikeareal

- 1. Sandleikeplass
 - a. Det skal etablerast ein per 5–24 bueiningar.
 - b. Storleik skal vera minimum 150 m².
 - c. Leikeplassen skal vera utstyrt med sandkasse, minimum 2 leikeapparat og bord/benk. Det skal leggjast til rette for småbarnsleik.
 - d. Lokalisering skal vera maksimum 50 meter frå bueining.
 - e. Det meste av arealet skal vera flatt.
 - f. Areala skal vere inngjerda og ha port.
 - g. Minimum 50 % av arealet skal ha sol ved jamndøgn.
- 2. Nærleikeplass
 - a. Det skal etablerast ein per 15–150 bueiningar.
 - b. Storleik skal vera minimum 500 m².
 - c. Leikeplassen skal vera utstyrt med minimum 2 leikeapparat, bord/benker, og skal ha vegetasjon, naturterring og sand/asfalt. Det skal leggjast til rette for t.d. balleik, sykling, aking og byggeleik.
 - d. Lokalisering skal vera maksimum 150 meter frå bueining.
 - e. Minimum 50 % av arealet skal vera flatt.
 - f. Minimum 50 % av arealet skal ha sol ved jamndøgn.
- 3. Større leikeområde (f_BUT03)
 - a. Det skal etablerast ein ved etablering av over 150 bueiningar.
 - b. Storleik skal vera tilsvarende storleiken på f_BUT03.
 - c. Leikeplassen skal vera tilrettelagt for leik for større barn, med fokus på utfordrande naturleik.
 - d. Lokalisering skal vera maksimum 500 meter frå bueining.
 - e. Arealet med mykje terring og som ikkje er flatt, skal ha ein særskilt bruksverdi, med klatreskog, akebakke og terrenghykkelløyper.
 - f. Minimum 50 % av arealet skal ha sol ved jamndøgn.

§ 2.9 Parkering

- 1. For bustadar – frittliggjande (BFS)
 - a. Skal det vere 2 bilparkeringsplassar per eining.
- 2. For bustadar – konsentrerte (BKS)
 - a. Skal det vere 2 bilparkeringsplassar per eining.
- 3. For bustadar – konsentrerte blokkar (BBB)
 - a. Skal det vere 1,5–2 bilparkeringsplassar per eining. Av talet plassar skal min. 5 % vere utforma og reservert rørslehemma.
 - b. Skal det vere minimum 0,5 sykkelparkeringsplassar per eining.
- 4. For fritidsbustader – frittliggjande (BFF)
 - a. Skal det vere 1–2 bilparkeringsplassar per brukseining.

§ 2.10 Nettstasjonar

- 1. Skal ikkje vere til hinder for fri sikt til veg.
- 2. Må stå minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater.
- 3. Lastebil må kunne stå att med nettstasjon og drive vedlikehald utan at det er til hinder for allmenn ferdsel.
- 4. Kan plasserast inntil 1 m frå eigedomsgrense.
- 5. Størrelsen kan vere inntil 15 m².

6. Kan etablerast i eigne rom i bygg. I slike tilfelle gjeld særskilte krav til utforming av rommet, samt til tilkomst og ventilasjon m.m.

§ 2.11 Rekkjefølgje

1. Før det kan gjevest løyve for igangsetting for byggearbeid i felta BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03, skal det leggjast fram ein plan for korleis dei anbefalte tiltaka i skredfarevurderinga skal følgjast opp i forkant av og i byggeperioden.
2. I samband med utbygging av o_SKV01 skal støyreduserande tiltak for eksisterande bustader gbnr. 325/60, 76, 325/38 og 325/29 vurderast/etablerast jamfør støyvurdering, «Vurdering av endring i støynivå på grunn av økt trafikk» datert 08.12.2020. Eventuelle støytiltak skal vere ferdigstilt før igangsetting av o_SKV01.
3. Før det kan gjevest bruksløyve for bueiningar i felta BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal følgjande vera opparbeidd:
 - a. Køyreveg o_SKV03 med tilhøyrande fortau o_SF04–06, veglysanlegg og anna vegggrunn, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg.
 - b. Vegareal, inkludert fortau og anna vegggrunn fram til avkøyrsla, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg. For dei felta der vegen ikkje førar vidare til fleire bustader, skal vegen i sin heilheit opparbeidast, i samsvar med tekniske teikningar for veg- og veglysanlegg.
 - c. Godkjent renovasjonsløysing.
 - d. Parkeringsplassar jf. § 2.9.
 - e. VA-anlegg:
 1. Det skal ligge føre sluttdokumentasjon som er godkjent av Alver kommune.
 2. VA-anlegget til offentleg overtaking. Skal etter godkjent sluttdokumentasjon og tilhøyrande synfaring utan manglar overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald.
 3. For private VA-anlegg skal godkjent ferdigmelding ligge føre for kvart enkelt bygg som det søkjast bruksløyve eller ferdigattest for.
4. Før det kan gjevest byggeløyve for bueiningar i felta BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal naudsyst kapasitet på skule/barnehage vere dokumenterast.
5. Samstundes som ein fjernar dagens tilkomst til gnr.25, bnr.29, skal ein opparbeidd ny tilkomst til eigedomen (LNA03), via f_SV08 og SV09.
6. Samstundes som BKS09 og/eller BKS10 vert etablert, skal ein opparbeidd ny tilkomst til BFF02, via f_SV07.
7. Før innsending av byggesøknad, skal dokumentasjon på at utomhusplan for det delfeltet det vert søkt byggeløyve for, vert ivaretatt i høve til krav. Det same gjeld leikeareal.
8. Det skal vere veglys på alle vegar. Plassering av veglys skal vera illustrert på utomhusplan.
9. Før det kan gjevest igangsetningsløyve for nye bustadar innanfor BFS01–BFS03, BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal Fossekrysset med tilhøyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse–Moldekleiv, planid 20160012, samt at det skal vere etablert gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule.
10. Plan for handtering av overskotsmassar må vera på plass seinast før igangsetting av tiltak innanfor BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 i planområdet.

§ 3 Eigarform

§ 3.1 Felles arealføremål

1. Eigartilhøve for øvrige kommunaltekniske anlegg (BKT)
 - a. F_BKT03 er felles for BKS01–02.
 - b. F_BKT06 er felles for BKS03 og BKS04.
 - c. F_BKT08 er felles for BKS06, BKS07 og LNA03.
 - d. F_BKT09 er felles for BKS08 og BFS02.
 - e. F_BKT10 er felles for BKS09, BKS10 og BFF02.
 - f. F_BKT11 er felles for BFS01, BFS02, BFS03 og BFF01.
2. Eigartilhøve for uteopphaldsareal (BUT)
 - a. F_BUT01 er felles for BKS01–02.

- b. F_BUT03 er felles for BKS01–10 og BBB01–03.
- c. F_BUT04 er felles for BKS06–10.
- 3. Eigartilhøve for leikeplassar (BLK)
 - a. F_BLK01 er felles for BKS01–02.
 - b. F_BLK02 er felles for BKS03–04 og BBB02–03.
- 4. Eigartilhøve for vegrar (SV) med tilhøyrande anna veggrunn
 - a. F_SV02–03 er felles for BKS02–03.
 - b. F_SV05 er felles for BKS03–04.
 - c. F_SV08 er felles for BKS06 og LNA03.
 - d. F_SV07 er felles for BKS08–10.
- 5. Eigartilhøve for køyrevegar (SKV) med tilhøyrande fortau, kombinerte føremål og anna veggrunn
 - a. F_SKV01 er felles for BFS01–02, BKS01–10, BBB01–03, LNA03 og BFF02.
 - b. F_SKV02 er felles for BKS03–04 og BBB02–03.

§ 4 Busetnad og anlegg (tbl § 12–5 ledd nr 1)

§ 4.1 Bustader – frittliggjande (BFS)

- 1. Maksimal utnyttingsgrad (%–BYA) er vist på plankart.
- 2. På areala kan det etablerast eine- og tomannsbustadar.
- 3. Største byggehøgd er 8,0 meter og største mønehøgde er 9,0 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terreng.
- 4. Minste tomeareal for einebustader er 650 m² og for tomannsbustader 1000 m² (500 m² per bueining).
- 5. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m². Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittståande garasje.
- 6. BFF01 skal ha tilkomst over BFS02.
- 7. Innanfor BFS01 tillatast det med etablering av støyskjermingstiltak, også utanfor byggjegrensa. Støyskjermingstiltak må ikkje kome i konflikt med frisiktsona.

§ 4.2 Bustader – konsentrerte (BKS)

- 1. Maksimal utnyttingsgrad (%–BRA) og byggjehøgd (kote) er vist på plankart.
- 2. På delfelta BKS01–02 og BKS04–09 kan det etablerast rekkehus.
- 3. På delfelta BKS03 og BKS10 kan det etablerast rekkehus eller tomannsbustader.
- 4. På delfelta BKS01, BKS02, BKS04 og BKS05 er det regulert skilnad i høgd internt. Dette er markert på plankartet.
- 5. Største gesimshøgd er 9,0 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terreng.
- 6. Innanfor BKS01 kan det etablerast maksimalt 10 bueiningar.
- 7. Innanfor BKS02 kan det etablerast maksimalt 12 bueiningar.
- 8. Innanfor BKS03 kan det etablerast maksimalt 4 bueiningar.
- 9. Innanfor BKS04 kan det etablerast maksimalt 14 bueiningar.
- 10. Innanfor BKS05 kan det etablerast maksimalt 23 bueiningar.
- 11. Innanfor BKS06 kan det etablerast maksimalt 6 bueiningar.
- 12. Innanfor BKS07 kan det etablerast maksimalt 8 bueiningar.
- 13. Innanfor BKS08 kan det etablerast maksimalt 4 bueiningar.
- 14. Innanfor BKS09 kan det etablerast maksimalt 5 bueiningar.
- 15. Innanfor BKS10 kan det etablerast maksimalt 4 bueiningar.
- 16. Innanfor bustadfeltet kan det etablerast felles uteoppalds- og leikeareal.
- 17. Innanfor BKS04 skal det etablerast ein sti som koplar f_BLK02 og fortau o_SF02.
- 18. Innanfor BKS08 er det registrert ein ruin etter ein utløe, i SEFRÅK–registeret. I byggesak skal det gjerast ein vurdering på om ruinen kan bevarast og for eksempel verta inkludert som eit element i utearealet.
- 19. Innanfor BKS03 og BKS10 er det registrert støy. Ved innsending av byggesøknad skal ein dokumentera at ein oppnår tilfredsstillande støyforhold for nye bustader og på uteoppaldsareal (MUA) i høve T-1442, tabell 3. Areal som vert rekna som uteoppaldsareal og leikeareal skal ha støynivå under L_{den} 55 dB.

§ 4.3 Bustader – blokkar (BBB)

1. Maksimal utnyttingsgrad (%-BRA) og byggjehøgd (kote) er vist på plankart.
2. På delfeltet BBB03 er det regulert skilnad i høgd internt. Dette er markert på plankartet.
3. Heishus og takoppbygg for ventilasjon kan vere inntil 4,0 meter høgre enn dei angjevne maksimumshøgder. Slike takoppbygg skal maksimalt utgjere 25 % av takflata. Takoppbygga skal ha ein arkitektonisk utforming slik at dei utgjer ein heilskapleg del av bygget sin takform.
4. Innanfor BBB01 er det planlagt for to blokkar. Største byggehøgd for den nordlegaste blokken er 15,0 meter målt frå gjennomsnittleg planert terren, og største byggehøgd for den sørlegaste blokken er 12,0 meter målt frå gjennomsnittleg planert terren.
5. Største byggehøgd for BBB02 er 15,0 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terren.
6. Største byggehøgd for BBB03 er 12,0 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terren.
7. Innanfor BBB01 kan det etablerast maksimalt 28 bueiningar.
8. Innanfor BBB02 kan det etablerast maksimalt 26 bueiningar.
9. Innanfor BBB03 kan det etablerast maksimalt 20 bueiningar.
10. Innanfor BBB03 skal det etablerast ein sti som koplar saman fortau f_SF07 og veg f_SV06.
11. Blokkar kan etablerast med maksimalt ein etasje for parkering.
12. Parkering skal vere i nedste etasje, og skal skjulast i terren i størst mogeleg grad.

§ 4.4 Fritidsbustader – frittliggjande (BFF)

1. Maksimal utnyttingsgrad (%-BYA) og byggjehøgd (kote) er vist på plankart.
2. Største gesimshøgd er 6,0 meter og største mønehøgd er 8,0 meter, målt frå gjennomsnittleg planert terren.
3. Fritidsbustader skal ha ein maksimal storleik på 120 m² bruksareal (BRA).
4. Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA.
5. Frittliggjande fritidsbustadar kan bruksendrast til heilårsbustad om dei er i tråd med føresegner i kapittel §4.1.
6. Det skal i utbyggingsperioden sikrast lik kvalitet på vatn i brønn tilhøyrande BFF02 som det er i dag. Eventuelt må BFF02 sikrast tilkopling på VA-anlegget som skal etablerast i området.

§ 4.5 Øvrige kommunaltekniske anlegg (BKT)

1. Areala skal nyttast til avfallshandtering og postkassestativ.
2. På areala skal det settast opp bosshus eller veggger som hindrar at bosspenn veltar.
3. Innanfor BKT02 og BKT07 kan det førast opp nettstasjon, jf. § 2.10.

§ 4.6 Uteoppholdsareal (BUT)

1. Det skal leggast til rette for ein god tilkomst til areala for gåande. For BUT02 kan tilkomst til arealet vere via busetnad.
2. Terren og vegetasjon på f_BUT03 skal i størst mogleg grad behaldast. Det er lov å gjera mindre tilpassingar i terren og vegetasjon, for å tilpassa seg til infrastruktur og bustadareal som ligg attmed arealet.
3. F_BUT03 skal vere ein naturleikeplass, kor ein skal ha fokus på leik i terren og vegetasjon.
4. Innanfor f_BUT01 og f_BUT4 er det tillate med omarbeidning av terren, for best mogleg å leggja tilrette for aktivitet, jf. § 2.8.
5. Innanfor BUT02 er det tillate med noko omarbeidning av terren, for best mogleg å leggja tilrette for aktivitet, jf. § 2.8. Karakteristiske trekk i terren og landskap skal samstundes søkast tas vare på.

§ 4.7 Leikeplass (BLK)

1. Det skal leggast til rette for ein god tilkomst til areala for gåande.

§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12–5, nr 2)

§ 5.1 Veg (SV)

1. Skal asfalterast.
2. SV01 (på areal som inngår i snuhammar), f_SV02 (fram til og med areal som inngår i snuhammar), f_SV03 og f_SV07 skal vere dimensjonert for renovasjonskjøretøy.

§ 5.2 Køyreveg (SKV)

1. Skal asfalterast.
2. f_SKV01, f_SKV02 og o_SKV03 skal vere dimensjonert for renovasjonskøyretøy.
3. Ved etablering av f_SKV02 skal det etablerast ein god kopling frå vegen til eksisterande tursti som går igjennom området.

§ 5.3 Fortau (SF)

1. Skal asfalterast.

§ 5.4 Gangveg / gangareal (SGG)

1. SGG1 er ein køybar gangveg, kor biltrafikk i størst mogleg grad skal avgrensast.
2. SGG1 skal ha fast dekke.

§ 5.5 Anna veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

1. Innanfor areala kan det etablerast m.a. murar.

§ 5.6 Anna veggrunn – grøntareal (SVG)

1. Er restareal langs veg og fortau. Skal i størst mogleg grad plantast til med stadeigen vegetasjon.
2. Innanfor f_SVG01 er det tillate å etablera ein nettstasjon, jf. § 2.10.

§ 5.7 Kombinerte føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur (SKF)

1. Skal vere dimensjonert for renovasjonskøyretøy.

§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (pbl § 12–6, nr 5)

§ 6.1 LNF-områder

1. LNA01 og LNA02 skal i størst mogleg grad haldast urørt. Mindre og naudsynte tilpassingar mot bygd areal er tillate.
2. På LNA03 kan det gjerast tilpassingar for å gi tilkomst til eksisterande tomt. Det er tillatast også med etablering av støyskjermingstiltak innanfor LNA03 i samband med evt. støyskjerming for bustaden innanfor gnr. 25 bnr. 29.
3. Det er tillate å leggje til rette for enkle stiar og enkle tiltak for rekreasjon og ferdslle innanfor areala avsett til LNA.

§ 7 Omsynssoner (pbl § 12–6 jf. § 11–8)

§ 7.1 Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11–8a)

1. Frisiktsone ved veg (H140)
 - a. Innanfor sonene skal det ikkje vere sikthindringar 0,5 m over tilstøytane vegars plan.
2. Ras- og skredfare (H310)
 - a. Innanfor sonene H310_1-H310_3 er det eit variabelt sannsyn for skred, jf. skredfarevurderinga.
 - b. Ved etablering av tiltak innanfor sonene, må anbefalte tiltak i skredfarevurderinga følgjast opp.
3. Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskablar) (H370)
 - a. Innanfor sona skal det ikkje leggjast til rette for varig opphold.
 - b. Eksisterande sluttpunkt for kabel, samt eksisterande nettstasjon, er planlagt flytta i samanheng med at vegareal vert etablert. Ny plassering, og eventuell justering av kabeltrasé, skal avklarast med BKK.
 - c. Ved endring av kabeltrasé, jf. § 6.1.3 b), skal det ikkje leggjast til rette for varig opphold nærmare enn 8 meter til kabeltrasé.

§ 7.2 Sone med angjevne særlege omsyn (pbl § 11–8c)

1. Bevaring kulturmiljø (H570)
 - a. Innanfor H570_1 på gnr. 25, bnr. 86, 143 og 168 ligg eit kulturmiljø som består av eit tun og SEFRAK-bygningar (bygningar frå før 1900). Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som

kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturmiljøet, eller framkalle fare for at det kan skje. Byggfasadar og uttrykket til enkeltbygga skal ivaretakast så godt det let seg gjere.

- b. Innanfor H570_2 går det eit steingjerde som det skal bevarast.
- c. Innanfor H570_3 ligg det ein ruin av ei gammal løe som det skal bevarast.

§ 8 Føresegnsområde

§ 8.1 #1, #2 og #3

- 1. Areala er avsett til anlegg- og riggområde, i detaljreguleringsplan for fylkesveg 245 Ådlandsvegen.

Dokument som gis juridisk verknad gjennom tilvising i føresegna

- VA-rammeplan, datert 18.12.2018, er styrande for den vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaminga.
- Anbefalte tiltak i skredfarevurderinga, datert 18.01.2018, er styrande for den vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaminga.